

## \*Kva skjer?




JÆRMUSEET

Jærmuseet Hovudkontor & Vitengarden [Kvia, 4367 Nærbø] • Vitenfabrikken [Storgata 26, 4303 Sandnes] • E-post: post@jaermuseet.no • www.jaermuseet.no

### ► NY PUBLIKUMREKORD I 2008

Det er no eit år sidan Vitenfabrikken opna i Sandnes, 22. mai 2008. Sidan har publikum strøymd til for å utforska utstillinga Abels Skissebok og oppleva det topp moderne planetariet. Nær 47 000 gjester besøkte anlegget dei første sju månadane. Om lag like mange fann vegen til Vitengarden på Nærbø i 2008. 15.700 elevar blei oppsøkt av det omreisande vitensenteret vårt, Science Circus. Medrekna alle anlegg hadde Jærmuseet i sist år i alt 114 300 besøkande, meir enn nokon gong tidlegare.



### ► BÅDE NORSK OG EUROPEISK MUSEUMSPRIS TIL JÆRMUSEET!

Denne våren har Jærmuseet blitt tildelt to gjeve museumsprisar. Torsdag 1.april vart me kåra til Årets Museum i Norge og laurdag 9. mai fekk me overrekk den europeiske museumsprisen "The Micheletti Award" 2009 under the European Museum Forum (EMF) sin konferanse

Prisvinnarane er samla under the European Museum Forum (EMF) i Bursa, Tyrkia. Det vart delt ut 2 prisar, European Museum of the Year og the Micheletti Award, som Jærmuseet vann.



i Bursa, Tyrkia! "Dette stadfestar at dei beste musea i Norge held eit høgt europeisk nivå", uttaler generalsekretær Tron Wigeland-Nilsen i Norges Museumsforbund. Jærmuseet fekk prisen "Årets Museum" for høgt fagleg nivå og nyskapande formidling - der ein m.a. knyter naturvitskaplege eksperiment til kulturhistoriske rammeforteljingar. Juryen hadde og merka seg måten museet involverer skuleklassar i arbeidet med å utvikla det nye Garborgsenteret.

"The Micheletti Award" blir delt ut av EMF og er ein spesialpris for tekniske museum oppretta av the Luigi Micheletti Foundation i Brescia, Italia. I grunngevinga for prisen skriv juryen m.a at "The Micheletti Award til det mest lovande industri- eller teknologimuseet mellom årets kandidatar går til Jærmuseet, Nærbø, Norge. Dommarane var imponert over kombinasjonen av Vitengarden og Vitenfabrikken, kor hovudmålet på begge plassane er å stimulera dei besøkande si nysgjerrigheit for teknologi og naturvitskap, tilby dei mulegheiter for å utføra eksperiment og ta del i forskning. Dei vitskaplege forklaringane var tydelege og publikum fekk kunnskap om ulike tema gjennom "hands-on" eksperiment i staden for lange forklaringar. Museet viser stor kreativitet og fantasi, kombinert med suksessfull finansiering, som lovar godt for framtida.

The Micheletti Award er ein flott statue, som glei godt inn i det jærskje landskapet.



"European Museum of the Year Award", eller EMYA-prisen for årets beste europeiske museum gjekk dette året til Salzburg Museum i Austerrike. (<http://www.salzburgmuseum.at>)

### [Tungenes Fyr]: ► KYSTVERKMUSEA PÅ TOKT MED FORTELJINGAR OM KYST-NORGE

I samband med Kulturminneåret legg Kystverket sitt tidlegare forsyningsskip Gamle Oksøy ut på tokt langs Norskekysten - frå 12. mai til 21. juni. 22. mai ligg skipet ved kai i Tananger.

<< Ideal er fyrtårn, ikkje havner >>

Målet med turen er å visa fram ulike sidar ved den norske kystkulturen og historiar om vår maritime kulturarv. Ivar Reed Nakken frå Science Circus vil vera med frå Tananger til Hammerfest med eit mobilt planetarium som visar navigasjon i gamle dagar.

Toktet er eit samarbeid mellom Kystverkmusea, Kystverket, Riksantikvaren, ABM-utvikling og Fiskeridirektoratet. Kystverkmusea er fellesnamnet for dei fire musea som i dag utgjer etatsmuseet for Kystverket: Lindesnes Fyrmuseum, Jærmuseet, Sunnmøre Museum og Museum Nord.

MS Gamle Oksøy er på tokt langs Norskekysten, og 22.mai ligg Kystverket sitt tidlegare forsyningsskip til kai i Tananger. Då vert det maritim festdag for store og små!



[Tungenes Fyr]: ► **BLI MED PÅ MARITIM FESTDAG I TANANGER!**

22. mai er det maritim festdag i Tananger. Då får du høve til å komma om bord i Gamle Oksøy, studera skipet og få med deg utstillingane og aktivitetane om bord. Og du kan bli med på ei rekkje aktivitetar rundt i hamneområdet – maritim opplevingsløype for barna, gaida tur i den gamle losbyen i Tananger, oppleve lyden av dei gamle båtmotorane til Kystkultursamlinga. Ikkje minst kan du bli med på "fyrsafari" – med stopp og servering på Tungenes fyr. Avslutt dagen med teaterframsyninga "Losen – med livet som innsats", ei dramatisk forteljing om kvardagen til losane og losfamilien for om lag hundre år sidan. Teaterstykket er laga og blir framført av Nordvest Sceneproduksjon AS frå Møre og Romsdal.

Arrangementet er eit samarbeid mellom Sola og Randaberg kommunar, Kystkultursamlinga i Tananger, Kystverkmusea og Jærmuseet.



Los Andreas Emil Andreassen frå Ramsøy i Høvåg. Få med deg teaterframsyninga om kvardagen til Losane på Spøla kulturhus fredag 22.mai.

[Vitengarden]: ► **ER DET ÅL I POTETA?**

Produksjonen av poteter må opp for å dekkja behovet. Korleis skal vi få det til når ein parasitt, som kan redusera potetmengda i åkeren med opptil 80%, spreier seg til stadig fleire åkrar?

Potetål finst både på gardsbruk og i vilahagar. Blir talet på parasittar høgt nok kan dei øydelegga avlingane. For bøndene har parasitten store konsekvensar, både økonomisk og kjensle-

messig. Potetål kan føra til bandlegging av gardsdrifta i opptil 40 år. Verdien av garden går ned og drifta må leggest om.



Hoer og cyster av kvit potetål på potetrøter. Foto: Bonsak Hammeraas, Bioforsk Plantehele

Jærmuseet er oppteken av "Science to society". På Vitengarden kan du studera parasitten i levande live, og finna ut korleis han blir spreidd, korleis du oppdagar parasitten og kva du kan gjera for å bli kvitt han. Bioforsk Plantehele på Ås har forska mykje på potetål, og utstillinga er laga i samarbeid med forskarar her.

[Vitenfabrikken]: ► **BYGG EIN EL-SYKKEL**

I perioden frå byrjinga av mars til mai har Vitenfabrikken arrangert kurs i å bygga eigen el-sykkel. Initiativtaker til kurset var elsykkel-entusiast og ildsjel Per Harald Sørensen. Elsykkel er det mest brukte elkjøretøyet på verdsbasis, og berre i Kina vart det i fjor selt meir enn 21 millionar elsyklar!

15 deltakarar var med på kurset. Dei fleste bygde om sine eigne sykklar til el-syklar, dette tok 6 kveldar. Så ser du nokon som susar forbi deg der du kavar i oppoverbakken – så er det nok ein av kursdeltakarane på elsyklar frå Vitenfabrikken!



Deltakarane på "bygg din eigen sykkel" var nøgde med resultatet.

[Limagarden]: ► **BLOMAR OG LEIK I FOKUS**

Sundag 10.mai arrangerte Jærmuseet og Ålgård hagelag Hage- og aktivitetsdag. Ålgård Hagelag brukar Limagarden kvart år til å selga stauder og blomar til grøne fingrar, nytt i år var at Jærmuseet var med. Dette viste seg å vera eit populært tilbod, ettersom meir enn 150 store og små fann vegen til gards. Dei kosa seg blant anna med urtesuppe, toving, smiing og uteleik. I tillegg fekk ungane vera med å lage tvårer, og det var særst spanande å sjå på dreining av eggeglass. Hagelaget selte ut blomane på kort tid, og det ga meirsmak til meir samarbeid neste år.



Å tova sauer av ull var populært på Limagarden.

► **BOKLANSERING PÅ LITTERATURHUSET I OSLO**

29. april var det boklansering og seminar for å markera avslutninga på prosjektet "På sporet av den tapte samtid". Jærmuseet har bidrege med to artiklar i boka. Anne Jorunn Frøyen "Antioksidantar og frie radikal. Mat og vitskap i norske vekeblad i 2006". Målfrid Grimstvedt har skrevet "Kven har kontrollen på norsk mat?".

► **NYE MEDARBEIDARAR**

Jærmuseet ynskjer fylgjande medarbeidarar velkomne på laget:

**EIRIK GURANDSRUD** Fagkonsulent med særskilt ansvar for Tungenes Fyr

**ODD-GEIR ROSLAND** Bygningshandtverkar for alle anlegga til Jærmuseet

**ELIN RAVNDAL BELL** Marknadsjef for alle anlegga til Jærmuseet

**IVAR HODNEFJELL** gardsbestyrar Vistnestunet